



Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd  
Postboks 799 Sentrum

0106 OSLO

Dato: 27.10.2020

Vår ref: 20/04116-2

Deres ref: Dokument 20/03956-1

## Høring om særskilte reglar for digital førehandsstemming

Nord-Hålogaland bispedømmeråd saman med Nord-Hålogaland biskop har motteke Høring om særskilte reglar for digital førehandsstemming og vil gje våre kommentarar til dette. På grunn av den korte høyringsfristen har ikkje høyringssvaret blitt politisk handsama av bispedømmerådet, men har berre gjennomgått administrativ handsaming.

Først og fremst vil vi seie at det er svært positivt at det vert lagt vekt på å gjere førehandsrøysting så enkelt som mogeleg, og på den måten bidra til at deltakinga i kyrkjevalet kan haldast på eit høgt nivå.

Vårt inntrykk er at dette er gode og solide reglar for gjennomføring av digital røysting. Både tematikken og reglementet er svært teknisk, men slik vi forstår saka, er dette eit godt reglement.

§8, punkt 7 seier: «Hvis en velger avgir stemmegivning i forhåndsstemmeperioden både på papir og digitalt vil den digitale stemmen godkjennes». Dette framstår som eit potensielt svakt punkt i systemet. Det er viktig å implementere gode rutinar for å vaske listene for førehandsrøysting på papir opp mot dei som har førehandsrøysta digitalt. Det vert presisert i høyringsdokumentet at «Det vil kome rettleiing på korleis digital og fysisk førehandsstemming skal gjennomførast» og desse må innehalde gode rutinar for dette.

I høyringsdokumentet vert det problematisert at «ein ikkje kan garantere at veljaren er åleine når han eller ho stemmer» og at ein derfor har lagt inn mogelegheita for å stemme fleire gonger slik at «ein veljar som er blitt påverka til å stemme noko han eller ho ikkje ønska kan endre denne stemma på eit seinare tidspunkt» og at sist avlagte digitale stemme vert gjeldande.

Her kan ein innvende at mogelegheita for at nokon vert pressa til å stemme noko ein ikkje vil, alltid vil vere tilstades ved digitalt val i ikkje-kontrollerte omgjevnader. Om nokon verkeleg vil presse andre til å stemme mot si overtiding, kan dei enkelt lese reglementet og presse vedkommande til å levere ei digital stemme rett før den digitale stemmegjevinga vert avslutta, utan mogelegheit for den pressa til å endre stemma.

Det er derfor eit spørsmål om ein skal ha denne mogelegheita i det heile, sidan ein ikkje sikrar seg mot slikt press men berre gjer det vanskelegare. Den einaste måten ein kan sikre

seg heilt mot dette, er om ein lar papirrøyster har forrang over digitale røyster, og at ein lagar eit system som kan plukke ut slike røyster. Dette vil i såfall bli motsett av det §8, punkt 7 seier i forslaget.

Ein kan også velje å godta denne risikoen for at nokre stemmer ikkje er levert fritt om ein meiner at digital førehandsrøysting er eit større gode enn den potensielle risikoen. Vi vil meine at sjansen for store misbruka av ordninga til å presse andre til å stemme mot si overtyding, er så minimal at godene med digital førehandsrøysting vert overveldande.

Med vennlig hilsen

Oddgeir Stenersen e.f.  
stiftsdirektør

Steinar Sneås Skauge  
rådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.*

Mottakere:  
Kirkerådet, Mellomkirkelig råd, Samisk  
kirkeråd

Postboks 799  
Sentrum

0106 OSLO